

Frå: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Send: torsdag 24. juni 2021 12.58
Til: Are Frøysland Grande
Kopi: Knut Bjørnevoll
Emne: SV: Vdr. naust på GBNR 60/7

Hei igjen.

Svarer i mailen nedafor.

Vi vonar dette er tilstrekkeleg svar og at saka kan avsluttast.

Med venleg helsing
Karl Atle Taule



Radøyvegen 1400, 5936 Manger
Mob. 90866010
atle@ing-taule.no

Fra: Are Frøysland Grande [<mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no>]
Sendt: torsdag 24. juni 2021 12.37
Til: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Kopi: Knut Bjørnevoll <knut.bjornevoll@alver.kommune.no>
Emne: SV: Vdr. naust på GBNR 60/7

Hei,

Det er noko uklårt om tiltaket oppfyller preaksepterte ytelser i TEK17 § 7-2 knytt til stormflo.
Hovedregelen er at;

a. Bygget skal plasserast utanfor fareområde

Bygget har stått der det står i om lag 60 år og det er ikkje registrert hendingar som har ført til skader på bygget i denne tida. Ut frå dette konstaterer vi at bygget er plassert utanfor fareområde.

b. Bygget skal sikrast mot fare

Bygget er sikra mot fare frå stormflo ved at det er oppført med samanføyningar og forankring som sikrar at bygget ikkje flyttar seg ved stormflo.

c. Bygget skal dimensjonerast til å tåle påkjenninga

Bygget er dimensjonert for å tåle påkjenning av stormflo. Dette kan underbyggjast ved å vise til svaret vårt under punkt a ved at naustet har stått på denne plassen i om lag 60 år utan at det er registrert endringar av plassering eller skader. Vi går ut frå at dagens forankring med galvaniserte boltar og festemidler er vel så godt som det som vart nytta for 60 år sidan. Naustet ligg inne i ei relativt trong vik med fleire mindre skjær og holmar som vern ut mot fjorden og er dermed godt skjerma for vind og bylgjer. Dette gjer at mekanisk last frå bylgjer og vind er monaleg mindre enn lengre ute i vågen.

Naust /kai er jo naturlegvis, i sin funksjon, eit tiltak som blir «vått».

Vi ber deg å stadfeste at bygget/tiltaket blir dimensjonert for å tåle påkjenninga av stormflo jf. TEK17 7-2 andre ledd jf. plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5.

Vennleg helsing

Are Frøysland Grande | Avdelingsleiar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92 / 91 35 45 91

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Frå: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>

Send: torsdag 24. juni 2021 11.16

Til: Are Frøysland Grande <are.froysland.grande@alver.kommune.no>

Kopi: Knut Bjørnevoll <knut.bjornevoll@alver.kommune.no>

Emne: SV: Vdr. naust på GBNR 60/7

Hei igjen.

Dette gjeld rehabilitering av naustet med byte av konstruksjoner som har byrjande råteskader og desse vert erstatta med frisk og tr. Imp. material og dimensjonert og forankra etter vanleg norm som også er i tråd med Tek 17.

Slik vi ser det vil det innebære større risiko å la naustet stå slik det er uten å reparere og erstatte byrjande råde og vi er litt usikre på kva som er uklårt.

Med venleg helsing

Karl Atle Taule



Radøyvegen 1400, 5936 Manger

Mob. 90866010

atle@ing-taule.no

Fra: Are Frøysland Grande [<mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no>]

Sendt: torsdag 24. juni 2021 10.49

Til: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>

Kopi: Knut Bjørnevoll <knut.bjornevoll@alver.kommune.no>

Emne: Vdr. naust på GBNR 60/7

Hei,

Syner til søknad om rehabilitering på naust gbnr 60/7.

I søknaden kjem det fram fylgjande;

Det vi søker om her er eit naust som er i sikkerhetsklasse F1. Dette omfattar byggverk med lite person opphald med risiko for små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Naustet vil også definerast som byggverk som i kraft av sin funksjon er plassert i flomutsette områder til liks med kaier, bruer, pumpehus og lignende. Desse vert konstruert og oppført slik at dei er i stand til å tole belastninger av ein flom/ stormflo. Sjå veiledning til TEK 17 vedlagt. Ifølge Kartverket sine projeksjoner for endring i havnivå frå 2015 er framskriving av havnivå til perioden 2081 til 2100 være 50 cm med eit intervall på 20-70 cm for Bergen. Dette etter RCP2.8 som er den strengaste tolkninga. Sjå vedlagt rapport. Slik vi ser det vil både naust og kai/ bryggje mest sannsynlig kreve oppgradering og vedlikehald når vi skriv 2080. Ein vil då ha fasit med omsyn til havnivå og kan då søkje om nødvendig endring av plassering og høgde.

Det er noko uklårt i søknaden teksten om tiltaket vil oppfylle krava i TEK17 § 7-2 andre ledd jf. plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5. Vi minner om at andre ledd også gjeld stormflo jf. TEK17 § 7-2 tredje ledd.

Er det lagt til grunn at omsøkte tiltak vil bli dimensjonert og oppført i tråd med preaksepterte ytelser i gjeldande lovverk?

Vennleg helsing

Are Frøsyland Grande | Avdelingsleiar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92 / 91 35 45 91

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

